



Bergen og Omland Havnevesen
Postboks 6040

5892 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7628 - 16/35349

Saksbehandlar:
Nora Gjerde
nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:
30.12.2016

Delegering av mynde til Bergen og Omland havnevesen (BOH)

Vedlagt følgjer vedtak i Kommunestyret – 15.12.2016.

Med helsing
Nora Gjerde
administrasjonssekretær

Dokumentet er signert elektronisk.

Andre mottakarar:

Bergen og Omland Havnevesen



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 144/16 | Formannskapet | PS | 24.11.2016 |
| 099/16 | Kommunestyret | PS | 15.12.2016 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|----------------|------------|
| Hogne Haugsdal | 14/7628 |

Delegering av mynde til Bergen og Omland havnevesen (BOH)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvannslova §10, vert ansvar og mynde etter Lov om hamner og farvatn av 17.04.2009 og føresegner gitt i medhald av lova, delegert til Bergen og Omland Havnevesen (BOH).
- Delegeringa gjeld frå 01.01.17 og fram til Bergen og omland havnevesen (BOH) er formelt avvikla.

Formannskapet - 144/16

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FO - vedtak:

- I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvannslova §10, vert ansvar og mynde etter Lov om hamner og farvatn av 17.04.2009 og føresegner gitt i medhald av lova, delegert til Bergen og Omland Havnevesen (BOH).
- Delegeringa gjeld frå 01.01.17 og fram til Bergen og omland havnevesen (BOH) er formelt avvikla.

Kommunestyret - 099/16

KO - behandling:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

- I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvannslova §10, vert ansvar og mynde etter Lov om hamner og farvatn av 17.04.2009 og føresegner gitt i medhald av lova, delegert til Bergen og Omland Havnevesen (BOH).
- Delegeringa gjeld frå 01.01.17 og fram til Bergen og omland havnevesen (BOH) er formelt avvikla.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn:

Lindås kommune har vore med i Bergen og Omland Havnevesen (BOH) saman med 10 andre kommunar sidan 1990. Frå 2010 blei det sett i verk ein prosess for å omorganisere BOH, for å tilpasse selskapet til nytt lovverk og den aktivitet som selskapet skal ha. Prosessen med omorganisering blei avslutta med vedtak i kommunestyret 15. september og 27. oktober 2016 (Sak 66/16 og 83/16). Lindås kommune går saman med dei same 10 kommunane for å etablere eit nytt regionalt hamneselskap, Bergen og Omland Havn AS. Det nye selskapet blei formelt etablert på stiftingsmøte 4. november 2016.

Vurdering:

Lindås kommune har vedtatt å vere med inn i det nye aksjeselskapet Bergen og Omland Havn AS. Selskapet er formelt stifta, men det vil ikkje vere drift i selskapet før det gamle selskapet BOH er formelt avvikla. Avvikling av BOH er ein del av prosessen med å etablere nytt hamneselskap. Planen er starte drifta i det nye hamneselskapet frå 01.01.17, men det vil vere avhengig av når BOH endelig blir avvikla. Dersom prosessen med å avvikle BOH tek lengre tid enn 01.01.17, er det viktig at BOH har det formelle mynde fram til selskapet blir avvikla. Rådmannen rår derfor til å delegere mynde og ansvar til BOH fram til selskapet er formelt avvikla.

